



# Årsberetning Ullensvang Arbeiderparti

Styret har bestått av:

Leder	Tor Helge Haara Tjemsland	På valg	2024-2025
Nestleder	Amund Velure	På valg	2023-2025
Kasserer	Bjørn Vivelid	Ikke på valg	2024-2026
Sekretær	Solfrid Horne-Moe	Ikke på valg	2024-2026
Medlemsansvarlig	Olav Magnus Hammer	På valg	2023-2025
Kvinnekontakt	Marit Jensen Måkestad	Ikke på valg	2024-2026
Styremedlem	Anette Torvund	På valg	2023-2025
Styremedlem	Eirunn Lothe Midtun	Ikke på valg	2024-2026
Styremedlem	Knut Byrkjenes Hauso	På valg	2023-2025

Partistyret tiltres av:

Roald Aga Haug - Ordførar

Vidar Solvi - Gruppeleiar

Det har ikkje møtt representant frå AUF i 2024.

Talet på medlemmer i laget pr. 31.12.24 er 212. Dette inkluderer 18 medlemmer frå AUF. Dette er ei auke frå 199 pr. 31.12.23. Ein har fått 27 nye medlemmer i 2024.

Det har vorte gjennomført 8 ordinære styremøter, og 3 digitale, i perioden.

Ein har gjennomført 2 medlemsmøter i perioden og 1. mai arrangement.

Det vart sett av tid til eit sosialt arrangement, kor kommunestyregruppa og styret hadde nokre fellesaktivitetar og middag på Ferskvaren.

I 2024 har partiet støtta Ullensvang Demensforening med kr 2000, og Vestland AUF med kr 5000.

## **Politiske saker:**

Programarbeidet til stortingsvalet i 2025 starta våren 2024. Ullensvang AP sendte innspel til programkomiteen angåane kraft, med spesielt fokus på gjennomgang av lovverket for korleis verdiskapinga skal vere når framtidas pumpe-, elve-, vind- og kjernekraftverk vert bygd.



Ein ser at kraftrettigheitane til vertskommunane for kraftanlegg kontinuerleg er under press. For Ullensvang kommune er dette spesielt aktuelt, då det er levert konsesjonssøknad om pumpekraftverk i Maurangerfjella, samt i RSK-anlegga.

Også i 2024 har det vore mykje fokus og merksemd rundt rassikring av kvardagsvegane i kommunen. Kommunesenteret har vore isolert ved fleire høve. Ekstremværet Jakob gjorde store øydeleggingar i kommunen 31. oktober. I etterkant av stormen sine herjingar, kom Energiminister Aasland på befarig. Behovet for rassikring vart ytterlegare understreka då.

Arbeidet med desse sakene må fortsetje med full styrke inn mot Storting og regjering også framover.

Ein har arbeid mot fylkespolitikkarane med mål om å få oppretthaldt eit så variert tilbod ved Odda Videregåande skule som mogleg. Det vart vidare fremja forslag om å leggje ned ferjesambandet Utne - Kinsarvik, samt turistbåtruta i Hardanger. Det lukkast å videreføre desse tilboda.

Ellers vart det i slutten av 2023 vedteke å setje i gang eit omstillingsprosjekt i Ullensvang kommune. Administrasjonen og KS Konsulentar arbeide med dette gjennom året, og presenterte omstillingspotensialet for kommunestyret på Lofthus i oktober. Nokre av tiltaka var inkludert i budsjettforslaget som rådmannen la fram i slutten av oktober. Her vart fokuset fort på skulestrukturen i kommunen, og det vart mobilisert rundt om i bygdene. Dette forklarer truleg også mykje av medlemsauken ein ser i 2024. Det meldte seg inn 24 nye medlemmer i partiet etter rådmannen presenterte presenterte omstillingsprosjektet, og budsjettet, for 2025.

Det vart klart relativt tidlig at det ikkje var noko fleirtal i kommunestyret for å endre på skulestrukturen i 2025. Det vart forsøkt å fremje eit fellesforslag til budsjett og økonomiplan, men det var for stor avstand mellom fleirtalskonstellasjonen, Raudt og Senterpartiet. Arbeiderpartiet fekk fremja eit fleirtalsbudsjett i saman med Høgre, INP, SV, KRF og Uavhengig.

#### **Representasjon:**

- Toralv deltok på årskonferansen til Fjordvegen Riksveg 13 den 04. mars 2024
- Toralv deltok på Bergen Næringsråd sin NTP Mobiliseringskonferanse på Flesland 09.april.
- Marit, Eirunn og Anette deltok på Kvinner og Kraft i regi av LVK.
- Marit, Anette, Amund, Eirunn og Emil deltok på fylkesårsmøtet i Bergen i mars.
- Det har vore to representantskapsmøter i Vestland Arbeiderparti. Tor Helge (2), Amund (2), Marit og Anette har deltatt på desse.
- 30.november var det nominasjonsmøte til stortingsvalslista til Arbeiderpartiet i Hordaland. Amund, Eirunn, Marit, Olav-Magnus, Solfrid og Toralv deltok som delegater i dette. Roald var med som tilskodar, og listeandidat.
- Tor Helge eller Amund har deltatt på dei fleste digitale møtene som fylkespartiet har hatt i slutten av kvar månad.

#### **Moglege utfordringer i 2025:**

Det kom mange nye nye representanter i kommunestyret i 2023. Det er viktig at representantene også framover får god støtte av dei representantane med meir erfaring.

Lokalpartiet må bruke tid og ressurser på å få til kurs og opplæring for dei nye representantene. Dette vart dessverre ikkje gjennomført, eller prioritert, i 2024. Ein må gjerne kombinere dette med sosialt samvær kor arbeiderrørsla sine verdier står i sentrum.



Ein går nå mot et nytt val i 2025. Vi har gjort det historisk dårlig på dei nasjonale meningsmålingane gjennom heile 2024. Økonomi er det store bekymringa til veljarane, kor hovudutfordringa er at folk har ei oppfatning av at dei har därlegare råd enn tidlegare. Ein sliter med å nå gjennom med den gode fordelingspolitikken ein tross alt har gjennomført hittil i regjeringsperioden.

Tida er kort, det er åtte månedar til valget i 25.

Vi har en stor utfordring med å rekruttere ungdom inn i partiet. Ved valget i 2023 var det bare 7 % av menn under 25 år som stemte Ap. Dette vil være en fare for partiet på sikt.

Lokalt er det gledeleg at majoriteten av våre nye veljarar er småbornsforeldre. Utfordringa lokalt vert å halde på dei nye medlemmene. Ein må ha som mål at desse skal verte aktive i organisasjonen. Ein bør difor planleggje for fleire medlemsmøter, med tema som kan vere interessante, også for dei nye medlemmane.

Vi ønsker det nye styret alle gode ting og takker for oss.

For styret

Tor Helge Haara Tjemsland

Leiar